

NATUR OG KULTUR

## Det vakre fjellet



Venelistøylen. Foto: Johan S. Straand

**VENELIFJELLET** – som tyder "det vakre fjellet" – ber namnet med rette og er eit ynda turmål i Vrådal. Venelifjellet fekk namnet frå ei buedeie som tykte det var så vakkert. Kvar sommar gjette ho buskapan sin ved Venelistøylen. Kvar gard hadde ein eller fleire støylar. Det bratte og karrige landskapet gjorde det naturleg å leggje støylane spreidd. På den måten utnytta dei beitet betre. Støylslivet var difor eit nomadeliv. Støylen hadde fram til 1930-åra ein sentral plass i gardsdrifta i Vrådal. Venelistøylen er sikra for ettertida, og støylsbua på Veneli syner korleis buone såg ut då dei var i bruk. Støylsbua vart bygd i 1894 og restaurert 100 år seinare, slik at komande generasjonar og kan nyte opplevinga i det vakre fjellet.

### KVA KAN DU SJÅ PÅ TUREN?

**MOLTE FINN DU** mange stader i Venelifjellet – fyrste gong berre 100 meter frå parkeringsplassen!  
Foto: Leif Jamtveit.



NATUR OG KULTUR

## Markert vegetasjonsskilje



**DU VIL OPPLEVE** eit markert skilje i vegetasjonen på turen, frå skog (borreal sone) til fjell (alpin sone). Undervegs kan du ta deg ei pause i gapahuken ved Veneliltjørni. Her kan du freiste fiske-

lukka eller ta deg eit forfriskande bad. Dette er ein flott stad å vente for små føtar som ikkje vil ferdas til topps for å nyte utsikten. Det veks mykje myrull ved tjørni, den bomullsliknande blomen som er både mystisk og vakker. Blomen har gjeve inspirasjon til norsk folkedikting, og du finn ho i eventyret "Dei tolv villendene" av Asbjørnsen og Moe. Her må prinsessa sanke myrull for å lage klede. Myrulla har og hatt andre bruksmåtar, og blei frå gammalt av kalla "fattigmans pute". I våre dagar er myrulla viktig mat for dyr og fuglar. Bilde: "De tolv villender" (1897) – måla av Theodor Kittelsen.


Layout: Nina Akerstuen / Trykk: Erik Tanché Nilsen as



www.vraadal.com

**Vandrerregionen**

www.vandretelemark.no www.kviteseid.kommune.no

Ansvarleg utgjevar er VTNU AS og Kviteseid kommune med støtte frå  TELEMARK FYLKESKOMMUNE

**VENELIFJELLET** er fyrste turområde i Vrådal merka med raude T'ar.  
Foto: Lill Susan R. Vale



**MYRULL VEKS** som skyar på stilk.

Foto: Hamish Moore



4,1 KM TUR/RETUR / 2,5 TIMAR  
FAMILIETUR →



## Vrådal – Telemark

TURMÅL Venelifjellet

TEMA Topptur

Foto: Asle Fjeldstad



**FRÅ TOPPEN AV** Venelifjellet kan du forlengje turen. Alle stigane er godt skilta og merka med raude T'ar.  
Foto: Asle Fjeldstad



## Om turen

**DETTE ER EIN FAMILIEVENNLEG TOPPTUR** 904 m.o.h. i relativt lett terreng med ein fantastisk utsikt! Du startar turen ved parkeringsplassen ved Bendiksmyr. Turen går over kloppe-lagt myr og vidare på berglendt grunn fram til Veneliftjørne. Her kan du raste i gapahuken, ta deg eit bad eller prøve fiskelykka. Frå Veneliftjørne følgjer du stigen vidare til toppen av fjellet. I klart vær kan du sjå ut til havet i Kragerø, fjella på Hardangervidda og Gaustatoppen.

Som kartet viser kan du forlenge turen over Venelifjellet (3) via Tjørnstøyl – totalt 7,2 km og 5 timar. Eit anna alternativ er Venelifjellet rundt (4) på 6,9 km og 4,5 timar.

Alle stigane er godt skilta og merka med raude T'ar.

## Køyreforklaring

Venelifjell 4,5



Frå Rv 41 ved Flaten (2,3 km sør for Straand) tek du av ved skilt til Venelifjell.

BETALINGSBOM



Du køyrer deretter på privat veg 1,5 km til bomkasse. Deretter følgjer du vegen rett fram 3 km til parkeringsplassen ved Bendiksmyr. (GPS: N59°18'29" E008°33'24")



På [www.vandretelemark.no](http://www.vandretelemark.no) finn du oversikt over vandrарvennleg overnatting.

Du har sjølv ansvar for tryggleiken undervegs. Ta omsyn til naturen og beitande dyr. Gjer vel å ta med søppel heim. God tur!

Kart:  
Vrådal  
1 : 30 000

Tilgang: 15. mai til  
1. november.  
Høgde: 640-905 moh



Målestokk 1 : 30 000

Ekvidistanse 10m

..... = merkt sommarløype



Foto: Camilla Aasheim